

Møtebok
frå
utdanningsutvalet

Møtestad: Teams
Tid: 19.05.2021 kl. 10:00 – 11:00

Fylgjande faste medlemer møte:

Hallgeir Bø
Astrid Birgitte Eggen
Alva Amalie Eide
Simen Hagen Ekeberg
Elisabeth Enoksen
Rune Giske
Lizelle Haugland
Anne Helliesen
Sanja Mrksic Kovacevic
Aslaug Mikkelsen
Bjørge Frøysland Oftedal
Brita Strand Rangnes
Magne Olav Sydnes
Leith Symington
Winusan Wijayaseelan

Fylgjande observatørar møte:

Gitte Kolstrup

Frå administrasjonen møte:

Veslemøy Hagen, Stig Selmer-Anderssen og Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

Saksnr.	Innhald	U.off.	Arkivnr.
UU 15/21	Godkjenning av innkalling		19/07149-42
UU 16/21	Møtebok 17.02.2021		19/07149-41
UU 17/21	Utfyllende regler for opptak til fordypninger		18/07765-8
UU 18/21	Kvalitet i studieprogram, utgreiingsløyve for nye studier		16/00884-17
UU 19/21	Akkreditering av utfordringer i ECIU University		20/10416-3
UU 20/21	Kvalitet i studieprogram - Periodisk evaluering og reakkreditering av studier 2020		19/04531-20
KU 07/21	Informasjon fra prorektor		21/02633-1
KU 08/21	Tildeling av statlige midler til studentassistenter		21/04793-1
KU 09/21	Orientering om lovforslag til ny universitets- og høyskolelov		21/04781-1
KU 10/21	Utdannings- og læringsmiljøprisen 2021, tildeling		21/01731-10
KU 11/21	Tildeling av prosjektstøtte for 2021		21/04748-1
KU 12/21	Orientering om Meld. St. 16 (2020-2021) Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning		21/04747-1
KU 13/21	Oppfølging av SHoT- undersøkelsen 2021		21/04650-1
KU 14/21	Andre orienteringer		21/02084-2

UU 15/21 Godkjenning av innkalling

Studentrepresentant melde sak om møteevaluering til eventuelt.

Vedtak:

Innkallinga er godkjend.

UU 16/21 Møtebok 17.02.2021

Studentrepresentant sakna alternativt forslag frå studentane i tillegget til møteboka.

Utdanningsdirektøren vil retta det opp i møteboka frå 17.02.21.

Vedtak:

Møteboka er godkjend.

UU 17/21 Utfyllande reglar for opptak til fordjupingar

Utdanningsdirektøren innleia. Ein har sett behov for å tydeleggjera krav til språkkunnskap og minstekrav til tal på studiepoeng innføre det gjeldande fagområdet ved opptak til fordjuping i engelsk, historie, nordisk og religion.

Eitt av medlemene spurde om dette gjeld for alle søkjarar, også søkjarar utanfrå.

Svar frå utdanningsdirektøren og Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora: I praksis gjeld det stort sett søkjarar med minst 60 stp. Det har ikkje vore konkurranse om plassane til nå. Dette er reglar for eventuelle framtidige tilfelle.

Vedtak:

Utdanningsutvalet fastset dei vedlagde utfyllande reglane for opptak til fordjupingar ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora.

UU 18/21 Kvalitet i studieprogram, utgreiingsløyve for nye studier

Utvalseiar innleia og orienterte om studieprogram som rektor har gitt utgreiingsløyve for.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 19/21 Akkreditering av utfordringar i ECIU University

Utvalseiar innleia. Det må lagast kvalitetsprosessar for dei utfordringane og mikromodulane UiS har i ECIU University. Alle institusjonane må akkreditere eigne tilbod. Sjølv om det kjem felles prosedyrar på alliansenivå, må UiS likevel akkreditere sjølv, og det er fakulteta skal gjera dette.

Det var spurt om det vert ei enklare registrering i FS for desse einingane enn slik det fungerer i EpN, når det gjeld fristar.

Utdanningsdirektøren svara at i sak i UU 17. februar vart det bestemt at det skal vera unntak for fristar. Ho la til at i førebuinga av denne saka vart det diskutert om både dekan og ein annan instans kunne akkreditere. Framlegget falt ned på berre dekan akkrediterar, for å knyta einingane til fakulteta.

Utvalseiar summerte opp med å peika på at dette får stor merksemd i EU nå, og takka samtidig utdanningsavdelinga og ECIU-teamet for grundig arbeid.

Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjenner framlegget til ordning for akkreditering av utfordringar og mikromodular.

UU 20/21 Kvalitet i studieprogram - Periodisk evaluering og reakkreditering av studier 2020

Utvalsleiar innleia. Dei fleste av studieprogramma for 2020 er handsama. Fakulteta har gjort ei grundig evaluering og har lagt gode planar for vidare utvikling. Utvalet kan dermed reakkreditera.

Studentrepresentant merka at studentevalueringar også vert lagde til grunn i evalueringane, og spurde om studentane vert informerte om dette arbeidet dei deltek i.

Utdanningsdirektøren viste til Nokut-tilsynet i 2019, der det vart peika på manglande tilbakemeldingar på studentevalueringar. Dei periodiske evalueringane vert gjorde tilgjengelege og dermed også for studentane.

Utvalsleiar la til at dersom heile systemet fungerer slik det skal, vert det gitt tilbakemelding på dei periodiske evalueringane på same måte som ved dei årlege studieprogramevalueringane.

Utdanningsdirektøren merka at det i tidlegare evalueringar gjennomgåande vart peika på at fagmiljøa mangla universitetspedagogisk basiskompetanse. Ho spurde om det har kome på plass ved TN nå, sidan det ikkje er nemnt i rapportane.

Prodekan for utdanning ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet svarta at kurstillbodet har vorte oppskalert og har tatt unna ein del av etterslepet. Problemet er mykje mindre nå. Han la til at årskurs i matematikk står att i periodisk evaluering.

Vedtak:

1. På grunnlag av dei sakkyndige komitéane sine rapportar og dekanen sine tilrådingar reakkrediterar utdanningsutvalet fylgjande gradsprogram ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet:

Bachelorprogram i biologisk kjemi.
Master's Programme in Petroleum Geosciences Engineering.
Erfaringsbasert master i risikostyring og sikkerhetsledelse.

2. Utvalet merkar seg planen om utfasing og nedlegging av masterprogrammet i Petroleum Geosciences Engineering og imøteser søknad om akkreditering av nytt studieprogram.

3. Utvalet ber fakultetet sørge for at komitéane sine påpeikingar og tilrådingar vert fylgde opp.

4. Utvalet takkar komitéane og andre som har medverka i arbeidet for godt gjennomført arbeid.

UU 21/21 Eventuelt

Studentrepresentantane tok opp sak om evaluering av utvalsmøta. Dei ynskjer at det vert innført evaluering av møta, og føreslo at dette vart gjort for både dagens møte og møtet i februar, i pågåande møte.

Utvalsleiar ga utvalet høve til å gje synspunkt på gjennomføring av møta.

Nestleiar for utdanning i StOr trekte fram saka som var på sirkulasjon etter møtet i februar. Dei fekk forklaring i eit eige møte med utdanningsdirektøren seinare, men han meinte det var kritikkverdig at ingen prøvde å forklara studentane kvifor forslaget deira ikkje kunne handsamast.

Utvalet hadde vidare desse innspela:

- Det er bra at sakene går unna. Men det er problematisk at UU nærast er eit sandpåstroingsorgan. Går det an å ha diskusjon som kan føra til endring av vedtak? Det vil krevja meir tid. Det er også lange saksframlegg. Går det an å få dei samla i eitt dokument?

- Nokre møte har blitt svært lange. Me bør kanskje sjå på årshjulet, kva tid ulike saker skal handsamast. Det bør vurderast fleire møte.
- Forstår godt at studentane var frustrerte pga at dei kom med eit endringsforslag som ikkje vart votert over.
- Det kunne vore ok for utvalet å høyra kva studentane vart fortalde i møtet med utdanningsdirektøren.
- Reakkrediteringssakene er kompliserte å kommentera på, pga stor informasjonsmengd. Det handlar også om fakulteta sin autonomi. Utvalet må stola på saksprosessen.
- Møteramma i februar var for stram. Me fekk ikkje handsama sakene godt nok. I dag var det heilt motsett. Det var fint at utdanningsdirektøren tok inn studentane til møte i etterkant, men det var StOr og ikkje studentrepresentantane som vart tekne inn.

Utdanningsdirektøren orienterte om møtet med studentane om UU 05/21. Forslaget som kom frå studentane fylgde saka og vart vurdert. Me visste ikkje heilt korleis det skulle handsamast. Forslaget handla om førehandsbetaling av utgifter i praksis. Det kan ikkje gjerast utan dokumentasjon. Forslaget var ikkje mogeleg å gjennomføra. Me hadde ein god samtale med StOr. I framtida bør me ikkje senda saker på sirkulasjon, men ha eit eige møte.

Utvalsleiar ba om at det vert sett opp møteevaluering etter kvart møte framover. Den aktuelle saka var ikkje mogeleg å votera over, fordi det var ikkje klart kva det ville medføra. Slike voteringar må me unngå. Me kan heller setja opp ekstradatoar for møte. Vidare sa ho at alle medlemene har ansvar for å setja seg inn i sakene. I nokre saker har fakulteta autonomi, andre ikkje. Ho var ikkje einig i at det er sandpåstrøing. Sakene er godt førebudde og opplyser sakene godt. Utvalet gjer reelle vedtak på vegne av institusjonen.

Felles møte utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget

Kl 11.40 – 13.00

Utvalgets saker KU 07/21-KU 14/21 ble behandlet i fellesmøte med læringsmiljøutvalget. I fellesmøtet gjør de to utvalgene hvert sitt vedtak. Bare utdanningsutvalgets vedtak er tatt med i dette referatet.

KU 07/21 Informasjon fra prorektor

Prorektor for utdanning innledet. Hovedtema var prosjektet for digitalisering av periodiske evalueringer i kvalitetssystemet. Prosjektleder Thomas Dahl fra Sopra Steria presenterte prosjektet, med status og videre planer. Et sentralt aspekt er å gjøre verktøyet og informasjonen enkel å finne fram til, enkel å forstå, og enkel å gjøre seg nytte av.

Prorektor la til at prosjektet i nåværende form er begrenset til emnerapporter, studieprogramrapporter og porteføljerapporter. Prosjektet gjør bruk av en rekke datakilder, både lokale og nasjonale. Prosjektet er utformet slik at det vil være enkelt å utvide omfang og funksjonalitet. Det kan eksempelvis videreutvikles fra periodisk til årlig studieprogramrapport, noe som i så fall vil være første gang noe slikt blir gjort her i landet.

Videre informerte prorektor om følgende:

- Kunnskapsdepartementets langtidsplan for høyere utdanning og forskning, og den nye planen for departementets Erasmus-strategi.
- Institusjonene skal gi innspill til evaluering av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.
- Rapport fra Diku om internasjonaliseringen under korona-pandemien. Den viser en drastisk nedgang i aktivitetsnivå. Inntrykket fra UiS er likevel at nivået har blitt opprettholdt.
- Unit sitt digitaliseringsstyre arbeider med forholdet mellom digitale fellesløsninger og lokale løsninger innenfor sektoren og blant institusjonene, og hvordan grupper av institusjoner eventuelt samarbeider om delte løsninger dem imellom. Unit og Diku går inn i et nyopprettet direktorat for høyere utdanning og kompetanse fra 1. juli i år. [Les mer om hvordan Unit tenker at omorganiseringen kan påvirke den planlagte sektordigitaliseringen.](#)
- ECIU University har høyt aktivitetsnivå, som i liten grad har blitt påvirket av korona-pandemien.

Utdanningsdirektøren orienterte også kort om hvordan de to utvalgene behandler saker i fellesmøtet. Det legges opp til at de fleste av fellessakene skal være orienteringssaker.

Vedtak:

Utvalgene tar saken til orientering.

KU 08/21 Tildeling av statlige midler til studentassistenter

Universitetet i Stavanger har mottatt kr 6 219 000 til lønn til studentassistenter inneværende studieår. Prorektor orienterte om saken. Til høsten skal det rapporteres om bruken av midlene.

Følgende framkom under behandlingen av saken:

- Utlysingen kom for sent til å kunne benyttes fullt ut dette semesteret, så for mange er det viktig at midlene kan benyttes også i det videre. Planen er at ubenyttede midler kan brukes gjennom hele neste studieår.
- Midlene fordeles etter studenttall ved det enkelte fakultet.
- Uniped er i gang med å lage et opplegg for opplæring av studentassistenter. Når kurset er blitt utviklet, vil dette bli en varig ordning. Fakultetene har autonomi angående ansettelse av studentassistenter.

Vedtak:

Utvalgene tar saken til orientering.

KU 09/21 Orientering om lovforslag til ny universitets- og høyskolelov

Utdanningsdirektøren orienterte om saken, som gjelder forslag til ny universitets- og høyskolelov. Dette omfattet Prop.111 L som inneholdt selve lovforslaget, samt stortingsmelding 19 (styringsmeldingen) som inneholdt rammene for sektorstyring. Prorektor orienterte om konsekvenser for UiS, særlig med tanke på nye grader som medisin og rettsvitenskap.

Under behandlingen ble det pekt på at forslaget om to sensorer vil bety høyere utgifter, og prorektor trakk fram at hele finansieringsordningen for sektoren skal gjennomgås som følge av styringsmeldinga.

Vedtak:

Utvalgene tar saken til orientering.

KU 10/21 Utdannings- og læringsmiljøprisen 2021, tildeling

Behandlingen var unntatt offentlighet, så de som ikke var utvalsmedlemmer ble bedt om å forlate møtet under behandlingen av denne saken.

Prorektor innledet i saken, som gjelder utdannings- og læringsmiljøprisen. Denne prisen tildeles av universitetsstyret hvert år etter tilråding fra UU og LU. Utvalgenes råd skal være i tråd med statuttene for prisen. I år hadde priskomiteén seks nominasjoner som skulle vurderes. Prorektor orienterte om innstillingen frå priskomiteén.

Følgende framkom under behandlingen av saken:

- Utdanningsdirektøren beklaget at saksbehandlingen fra UA si side hadde tatt lang tid, og ønsket at prorektor for utdanning kan lede priskomiteén neste år, med administrativ støtte fra utdanningsavdelingen. Dette vil i så fall forutsette at styret endrer statuttene og prosedyren for prisen.
- Medlemmene fant det vanskelig å ta stilling til komitéens vurderinger og innstilling når saken ikke inneholdt informasjon om hvilke vurderinger man hadde gjort seg, og hvilke kriterier som ble tillagt hvilken vekt, ut over at godt arbeid med læringsmiljø ble vektlagt.
- Ut i fra det omfattende saksmateriellet var det allikevel ikke problematisk å være enig i priskomiteéns innstilling, og også at komitéén hadde funnet fram til et prosjekt med stor overføringsverdi.

Prorektor minnet om at saksdokument og vedtak er unntatt offentlighet fram til prisutdelingen. Utdanningsdirektøren vil komme tilbake til utvalgene med forslag til ny prosedyre for tildeling av prisen, med tanke på framlegg for styret.

Vedtak:

Utvalgene tilrår styret å tildele prisen i tråd med saksinnstillingen. Vedtaket var enstemmig i begge utvalgene.

KU 11/21 Tildeling av prosjektstøtte for 2021

Prorektor orienterte om saken. Utlysingen gikk ut like etter nyttår, og det kom inn søknader som til sammen utgjorde rundt 6 millioner kroner. Tildelingen gjaldt prosjekter som kan gjennomføres fram til høsten 2022. Det diskuteres i universitetsledelsen om det neste år skal gjøres en tilsvarende eller en annen type utlysning.

Følgende framkom under behandlingen av saken:

- Utvalgene uttrykte stor tilfredshet både med antallet søknader og at det ble søkt om så pass mye støtte.
- Det kom inn til sammen 18 søknader, og fakultetene var bedt om å prioritere sine søknader.
- Alle førsteprioritessøknadene ble tildelt beløpet de hadde søkt om.

Vedtak:

Utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget tar saken til orientering.

KU 12/21 Orientering om Meld. St. 16 (2020-2021) Utdanning for omstilling — Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning

Utdanningsdirektøren innledet og orienterte om stortingsmeldingen. UiS har gitt innspill i tråd med styrets behandling.

Følgende framkom under behandlingen av saken:

- I meldingen tar regjeringen initiativ til endring i yrkeskvalifikasjonsdirektivet for å åpne for bruk av simulering i praksis. Dette vil være meget viktig blant annet for det helsevitenskapelige fakultetet, og også for flere andre utdanninger. Men dette er bare ett av meldingens mange tiltak som skal følges opp.
- Fakultetene og institusjonen kan velge å arbeide med de signalene som ligger i stortingsmeldingen, og universitetet vil følge opp dette.
- Det er viktig å se denne meldingen i sammenheng med meldingen om livslang læring, og også sammenhengen mellom de to. Det ligger viktige trender i uh-sektoren i disse meldingane.

Vedtak:

Utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget tar saken til orientering.

KU 13/21 Oppfølging av SHoT- undersøkelsen 2021

Prorektor innledet i saken. Utdanningsdirektøren nedsetter en arbeidsgruppe som vil gå gjennom resultatene fra undersøkelsen og rapportere til utvalgene. Arbeidsgruppen skal gå grundig gjennom rapporten og gi forslag til tiltak.

Følgende framkom under behandlingen av saken:

- Universitetets oppfølgingsarbeid må kobla seg opp mot det nasjonale nivået, i tillegg til lokal oppfølging, slik at ikke institusjonene gjør oppfølging hver for seg uten koordinering.
- Studentane må delta aktivt i arbeidet med å finne fram til løsninger, og må delta i arbeidsgruppen.
- Resultatene frå undersøkelsen er ikke realitetsbehandlet i UHR enda.
- Prorektor og utdanningsdirektøren tar dette med i UHR utdanning, der begge deltar.
- Universitetsbiblioteket bør være med i arbeidsgruppen som skal følge opp undersøkelsen.
- Rapporten viser at den digitale undervisningen som dårligere. En viktig men sentral vurdering vil være om det rette tiltaket vil være å opp trappe opp eller trappe ned på digital undervisning.

- Uniped bør være med i arbeidsgruppen, og det bør vurderes om også NettOp og eventuelt også IT bør være med.
- Det er viktig at arbeidsgruppen kommer i gang med oppfølgingsarbeidet før sommeren.
- Selv om arbeidsgruppen skal rapportere til LU, bør rapporten gå til begge utvalg. Begge utvalgene må behandle og få anledning til å uttale seg om dem, slik at det ikke trekkes for raske konklusjoner.
- StOr vil i tillegg ha egne møter med Uniped om digital undervisning.
- Det er campusformen som er vår hovedform for undervisning. Samtidig må vi oppjustere og styrke den digitale undervisningen.

Vedtak:

Utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget tar saken til orientering, og ber om å få oversendt arbeidsgruppens rapport når den foreligger.

KU 14/21 Andre orienteringer

Studentombudet har hatt møte med universitetsledelsen der ombudet pekte på følgende forhold:

- Studentombudet etterlyser at forskriften regulerer utdanningsplanen bedre.
- Angående generelle retningslinjer for veiledning bør det foreligge grunnleggende retningslinjer for veiledning i bachelor- og masteroppgaver.
- Klagenemnda har i år hatt et økende antall saker om fusk ved eksamen i år. Det er universitetet sitt ansvar at studentene lett kan finne korrekt og lett forståelig informasjon om hva som faller innenfor (og utenfor) begrepet fusk, og hva dette medfører for den enkelte.

StOr orienterte om følgende:

- StOr har et sosialt støttefond som linjeforeninger og andre studentorganisasjoner kan søke på.
- StOr støtter studentrepresentantene ved fakultetet i arbeidet med å lage handlingsplaner for fakultetene.
- Som del av den nye tillitsvalgt-ordningen er det for første gang brukt urnevalg for å velge studenter til universitetsstyret. Valget falt på Ginette Våge og Fredrik Iversen.
- Valg til arbeidsutvalget og fadderutvalget er gjennomført. Eira Aas Eide tar over som leder og Martin Solheim blir nestleder for utdanning. Nestleder for læringsmiljø er ikke valgt enda. Alva Amalie Eide skal lede fadderutvalget.
- StOr har arbeidet med fakulteten om at sakspapirer til fakultetsmøte blir publisert i OpenGov.
- StOr har hatt kontakt med internasjonal seksjon om et pilotprosjekt der seksjonen skal samarbeide med linjeforeningene om utveksling.
- StOr arbeider med retningslinjer for valg av tillitsvalgte.
- StOr arbeider med plan for oppretting av studentråd ved fakultetene for å styrke samhandling mellom studentene og fakultetene.

Utdanningsdirektøren orienterte om følgende:

- Angående Nokut sitt tilsyn av kvalitetssystemet, er UiS i innspurten av innsendingen av dokumentasjonen som etterspørres.
- Den faste informasjonen om forsinket sensur ligger ved saksdokumentene til denne saken. Denne gangen gjelder det kontinuasjonseksamen for høsten 2020.

Vedtak:

Utvalgene tar saken til orientering.